



På veg til fjells, i dette tilfellet frå Hauglandområdet. (Foto: ola Matti Mathisen)

**Det er no sett igang eit prosjekt som går ut på merking og gradering av turstiar og turløyper i fylket. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er ansvarleg og Jan Morten Wiland Nesse prosjektleiar.**

**Prosjektet er kalkulert til knapt 2 millionar kroner der halvparten blir dekt av det offentlege.**

Det skal veljast ut eit avgrensa tal turløyper. Dei skal ha ein reiselivsprofil og det skal satsast mykje på profilering,

Prosjektet skal sjå meir på kva dei aktuelle turstiane og områda har av aktivitetar, attraksjonar og servering og også korleis det er lagt til rette med tilkomst og parkering.

Utvalet skal baserast på visse kvalitetar og god spreining geografisk. Også vanskegraden skal angis.

Også Uskedalen har fleire turstiar som det bør vera aktuelle å vurdere i denne samanhengen, seier nøkkelpersonar som steller med tilretteleggjinga av det lokale nettet.

Av Ola Matti Mathisen